

Bacheloroppgåve

Lars Ørjan Kråkenes

Populisme og kjensler

Er det ein samanheng mellom populistiske haldningar og kjensler?

Bacheloroppgåve i Statsvitenskap: Politisk atferd

Veileder: Henning Finseraas

Mai 2020

Lars Ørjan Kråkenes

Populisme og kjensler

Er det ein samanheng mellom populistiske haldningar og kjensler?

Bacheloroppgåve i Statsvitenskap. Gruppe: Politisk atferd
Veileder: Henning Finseraas
Mai 2020

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for sosiologi og statsvitenskap



Kunnskap for ei betre verd

Innhald:

Sammendrag	2
Innledning	3
1. Teori.....	4
2. Metode	10
2.1 Data	12
2.2 Variablar	12
2.2.1 Populistiske haldningar	12
2.2.2 Kjensler og kontrollvariabler.....	14
3. Analyse	15
3.1 Måling av populistiske haldningar	15
3.2 Samanhengen mellom kjensler og populistiske haldningar	18
3.2.1 Multinomial regresjon	19
Konklusjon	23
Litteratur.....	25

Sammendrag

I dette arbeidet ser eg på samanhengen mellom populistiske haldningar og kjensler. Målet er å auke forståinga for at kjensler er viktig både i populisme og i politikk generelt. Oppfatninga om at kjensler er noko illegitimt og framandt hindrar ein frå å forstå populismens evne til mobilisering. Ved å studere den norske befolkninga i samband med stortingsvalet i 2017 kan eg kartlegge både tendensen til populistiske haldningar, samt kva kjensler som sett preg på befolkninga si oppfatning av samfunnsutviklinga. I dette arbeidet finn eg støtte til hypotesa mi om at det er ein link mellom sinne og frykt på den eine sida, og populistiske haldningar på den andre sida. Og at desse kjenslene ser ut til å spele ulikt inn i ulike former for populismar.

Innledning

Det er i dagens samfunn knytt stor interesse til fenomenet *populisme*. Interessa botnar delvis i at populisme påstås å vere årsak til mykje av den politiske ustabiliteten ein ser i etablerte demokrati verda over. Populistiske leiarar ser i aukande grad ut til å få makt i demokratiske regimer, samtidig som dei i fleire tilfeller går til åttak på tradisjonelle politiske institusjonar. Det fremste eksempelet på dette er naturligvis Donald Trump i USA. For mange ser dette ut til å vere ein direkte trussel mot demokratiet, då institusjonane er meint til å sikre mot fleirtallstyranni og overkjøring av dei svake stemmene i samfunnet. Frå populismens perspektiv er den populistiske bølga derimot ei gjenoppliving av det demokratiske idealet der politikk skal vere uttrykk for allmennviljen.

Utfordringa med populismen handlar i stor grad om oppfatninga om at samfunnet består av uforenelege grupper i antagonistiske forhold til kvarandre. Eit problem er at populisme-omgrepet gjerne blir brukt polemisk heller enn analytisk. Ei vanleg oppfatning er at populismen spelar på kjenslene til irrasjonelle borgarar. Øyving Østerud skriv for eksempel at populismeomgrepet ofte blir brukt som «betegnelse på et mobbvelde der politiske rottefangere beveger de følelsesladde og umodne massene, slik *rottefangern fra Hameln* lokket byens barn i fortapelsen».¹ I slike oppfatningar eksistera det ein naivitet om at kjensler kan og bør haldast på utsida av politikken. Populismeomgrepet blir i det tilfellet gjerne brukt nedsettande om borgarar som ikkje kan leve opp til idealet om den ‘rasjonelle’ borgaren. I denne teksten skal eg bygge vidare på mistanken min om at ei undervurdering av kjensler i det politiske, bidrar til oppfatningar om populisme som noko mindreverdig og feil i politikken. Det er nærliggande å tru at nedsettande merkelappar på eins politiske haldningar heller vil bidra til polarisering enn konstruktiv dialog. For å forstå populismen bør vi heller spørje: «kvifor føler du det slik?» heller enn «kvifor føler du?». Målet mitt med denne teksten er å auke forståinga om at verken kjensler eller populisme kan forståast som framandt eller illegitimt i politikken

Dette vil eg først og fremst gjere ved å undersøke samanhengen mellom kjensler og populistiske haldningar. Ved å bygge på det eksisterande mangfaldet av teori og forsking på populismefenomenet, ønskjer eg her å utforske ein link som gjerne blir tatt for gitt. Mi oppfatning er at populismen gjerne blir «antatt» å kvile på kjenslestyrte vurderingar. Og vidare er mi oppfatning at kjenslestyrte vurderingar er noko som ikkje blir tatt på alvor når ein

¹ Østerud 2017: 251

skal forklare politiske vurderingar og haldningar generelt. Ei forståing av kjensler som noko sentralt for både populismen og for demokratiet generelt, kan bidra til å bygge bru mellom to objekt med eit «antatt» problematisk forhold. Mi problemstilling er altså: *Er det ein samanheng mellom populistiske haldningar og kjensler?* Ved å fokusere på det norske stortingsvalet i 2017 kan eg og bidra til å fylle eit vakuum i populismeforskinga. Mi hypotese er at negative kjensler som sinne og frykt begge er viktige for å forstå populistiske haldningar, men at dei to kjenslene spelar ulikt inn for ulike typar populismar.

Innledningsvis vil eg gå gjennom nokre relevante forskingsbidrag som både pregar forskinga på feltet generelt, og mitt arbeid her. Deretter vil eg gjere nokre metodemessige vurderingar, spesielt knytta opp mot korleis eg måler populistiske haldningar. Dette har mykje å sei for validiteten i oppgåva, og som eg skal kome inn på gir datasettet meg ein relativt avgrensa omgrepssvaliditet. Eg blir difor nødt til å avgrense meg til variablar som måler «tendensen» til populistiske haldningar, då eg ikkje har tilstrekkelig informasjon til å kartlegge faktiske populistiske haldningar. I det tredje kapitlet vil eg gjere sjølve analysa. Her vil eg først bruke deskriptive framstillingar til å vurdere mine mål på populistiske haldningar. Denne delen vil presentere metodiske vurderingar for den endelige analysa. Den endelige analysa utfører eg med ein multinomial regresjonsmodell der eg vurderer korleis kjensler spelar inn på ulike former for populistiske haldningar.

1. Teori

Dei siste tiåra har det vore vokse fram ei bølge av populistiske parti og rørsler verda over. I spissen for denne trenden peikar ein gjerne på valet av Donald Trump som president i USA eller brexit-avstemminga i Storbritannia. Det har og vokse fram ein omfattande forskingslitteratur på fenomenet. Sentralt for forskingslitteraturen har vore å utarbeide eit populismeomgrep med ein analytisk verdi som kan bidra til auka forståing for bakgrunnen og følgjene av den populistiske bølga.

Jan-Werner Müller er av dei som er kritisk til at populisme-omgrepet blir brukt i så vid forstand at det mister sin analytiske verdi.² Ei vanleg oppfatning er at populisme er ein elitekritikk med eit oppheva ideal om at politikk skal utgå frå ein ‘folkevilje’. Müller er einig i at populismen kan hevdast å vere ein slags elitekritikk, men at det nødvendigvis må vere

² Müller 2017: 2

mykje meir enn det. Ei fornuftig dose av elitekritikk er tross alt heilt grunnleggande i eit demokratisk system der politikk skal formast av borgarane sine ønsker og behov. Han hevdar derimot at ein populisme nødvendigvis må vere antipluralistisk. Altså må det eksistere ei oppfatning om at ‘folket’ står i ein uforenlig motsetnad til ‘dei andre’.³

Cas Mudde og Cristóbal Rovira Kaltwasser har ei idémessig tilnærming til populismeomgrepet.⁴ Her blir populismen forstått som ein «tynn ideologi» som kan smelte saman med større ideologiar som for eksempel sosialisme og nasjonalisme, alt etter kva kontekst samfunnet står i. Kva form populismen tek, avhenger av kva sosial misnøye veljarane er mobilisert på bakgrunn av.⁵ Meir konkret hevdar dei at populismen går ut på ei oppfatning om at samfunnet er delt i to homogene og antagonistiske grupper. På den eine sida eit «reint folk» og på den andre sida ei «korrupt elite». I tillegg må det eksistere ei oppfatning om at politikk skal vere uttrykk for folkets «almennvilje».⁶

Denne idémessige tilnærminga har etterkvert blitt dominerande på feltet.⁷ Ein viktig fordel med denne tilnærminga er at den er kapabel til å forklare spennvidden i populismen. For eksempel er det vanleg at populismen på venstresida tek form som ein sosial populisme, medan populismen på høgresida ofte er av ein meir nasjonalistisk art.⁸ Ei oppfatning om at populisme og innvandringskritikk er det same, går difor i oppløysing når ein forstår populismen som ein «tynn» ideologi.

Eit sentralt spørsmål på forskingsfeltet har vore i kva grad populismen bør oppfattast som eit korrektiv eller avvik for demokratiet. Jan-Werner Müller er ein av dei som hevdar at det er eit heilt grunnleggande avvik frå demokratiet. Dette grunngir han ved å vise til Fukuyamas tese om historiens slutt frå tidleg 90-talet. Her hevda Francis Fukuyama at etter Den kalde krigen stod liberaldemokratiet igjen som det einaste «gode» alternativet i politisk filosofi. Müller seier seg i stor grad einig i denne tesen, og hevdar at dagens store utfordring mot demokratiet ikkje er andre ideologiske alternativ. Den store utfordringa er populismen, ein degradert form for demokrati som paradoksalt nok hevdar å vere eit demokratisk ideal som skal la det ‘reine folket’ ta tilbake makta frå den ‘korrupte eliten’. Müller hevdar derimot at sluttresultatet av den populistiske retorikken er grunnleggande antidemokratisk.⁹ Her siktar

³ Müller 2017: 3

⁴ Mudde & Kaltwasser 2019: 43

⁵ Mudde & Kaltwasser 2019: 66

⁶ Mudde & Kaltwasser 2019: 27

⁷ Jupskås 2019: 11

⁸ Mudde & Kaltwasser 2019: 44

⁹ Müller 2017: 6

han til det faktum at ei rekkje populistiske leiarar, sakte men sikkert, forsøka å bryte ned dei etablerte demokratiske institusjonane. Mudde og Kaltwasser deler denne uroa, men påpeikar samtidig at populismen også kan vere eit korrektiv i den grad at undertrykte stemmer kan bli brakt fram i lyset i oppgjeret med faktisk etablerte og korrupte eliter.¹⁰

Francis Fukuyama hevdar at mange av dagens politiske problem kan forståast i nær tilknyting til det han hevda i *The History and The Last Man* tidleg på 90-talet. Sjølv om liberaldemokratiet stod igjen som det einaste «gode» alternativet etter Den kalde krigen, hadde det endå ikkje løyst det Fukuyama forstår som «the problem of *thymos*». Dette er, ifølge Platon, den delen av sjelen som krever anerkjennung av verdighet.¹¹ På den eine sida har ein *isothymia*, som handlar om å bli respektert som likeverdig. På den andre sida har ein *megalothymia* som er behovet for å bli anerkjent som overlegen. I dagens samfunn knyt han den første opp mot for eksempel undertrykte nasjonalidentiter, eller religiøse identieter. Den andre knyt han opp mot konsumsamfunnets materielle og overfladiske driv. Utan høgare ideal å ofre seg for vil ein aldri kunne tilfredsstille *megalothymia*. Ein vil kunne fortsette eit evig jag etter overfladiske nytelser, men uten eit høgare mål vil ein ifølge Fukuyama aldri tilfredsstille behovet for å oppnå noko ‘større’.¹²

Medan *thymos* er noko permanent i menneskenaturen, påpeikar Fukuyama at identitet, slik vi forstår det idag, er eit konsept som oppstod først i moderne samfunn.¹³ Mange av dagens politiske problem kan forståast i lys av at *thymos*, forstått opp mot konseptet om identitet, ikkje blir tilfredsstilt i dagens samfunn. Slik eg forstår Fukuyama er det i dette vakuumet populismen blir mogleg. Det som har skjedd sidan *The End of History and The Last Man* er at kravet om å bli anerkjent som likeverdig, har smelta saman med kravet om å bli anerkjent som overlegen.¹⁴ I lys av dette kan ein peike på korleis for eksempel ein nasjonalidentitet ofte blir heva til det einaste legitime i ei populistisk oppfatning om eit todelt og antagonistisk samfunn.

To heilt sentrale bidragsytarar til forskinga på populisme er Ernesto Laclau og Chantal Mouffe, som begge skriv i ein fortolkande og diskursanalytisk tradisjon. Dei stiller seg spesielt kritisk til oppfatningar om at populisme er eit avvik som må fjernast frå det politiske. Tvert imot hevdar Ernesto Laclau at det konfliktaspektet som populismen ser ut til å

¹⁰ Jupskås 2019: 14

¹¹ Fukuyama 2018: 17

¹² Fukuyama 2018: xiii, xv

¹³ Fukuyama 2018: 25

¹⁴ Fukuyama 2018: xv

representere, er sjølv essensen av det politiske.¹⁵ Mouffe sluttar opp om denne forståinga.¹⁶ Ho peikar vidare på eit neoliberalt hegemoni som i aukande grad blir utfordra av ‘anti-establishment movement’ frå både høgre og venstre side. Dette er det ho forstår som ‘the populist moment’.¹⁷ Ei oppfatning om eit neoliberalt hegemoni viser for eksempel til tendensen til at politiske løysingar i dag ser ut til å måtte vurderast først og fremst med økonomisk vekst for augtet. Ein annan tendens er at sosialdemokratiske parti, som for eksempel Arbeiderpartiet, konvergerer mot sentrum. Det eg ønsker å poengtere med Laclau og Mouffe i dette høvet er først og fremst korleis begge ser populismen som noko naturlig og permanent i ‘det politiske’. Noko som for eksempel blussar opp når eit såkalla neoliberalt hegemoni endelig byrja å sleppe taket.

Som det framgår av teoriane eg har lagt fram så langt er forskingslitteraturen i stor grad prega av generelle teoriar om populismen. I tillegg blir mykje av fokuset knytt opp mot dei mest ‘synlege’ populismane, for eksempel i USA, Storbritannia og Frankrike. Forsking på populisme i Noreg har vore svært avgrensa. Den forskinga ein ser har i hovudsak handla om populistiske parti, og lite om den faktiske populismen i partia.¹⁸ Anders Ravik Jupskås viser i eiga forsking på politiske partiprogram, at FrP, Rødt og SV har enkelte populistiske element. Han skildrar FrP som nyliberale populistar, og dei to andre som sosialistiske populistar.¹⁹ I tillegg peikar han på at Senterpartiet representerer ein periferi-populisme, sjølv om dette ikkje nødvendigvis går fram av partiets prinsippsprogram.²⁰

Det er derimot ingen av desse som er ‘harde’ populistar. Populismen i Noreg er av ein svært mild form. Mykje av forskinga viser at populismen blussar opp i kjølvatnet av spesielt kriser, korruption eller konvergens.²¹ Sistnemte handlar om at parti langs heile spektrummet i aukande grad foreinast om stadig fleire saker, noko som skapar eit representasjonsproblem for dei veljarane som ikkje kjenner seg hørt av nokre av partia. Noreg har tradisjonelt sett vore eit fredelig og politisk stabilt land, med lite korruption. Dette bidreg til å forklare kvifor populismen er så moderat i Noreg, og vidare kvifor forskinga på feltet har vore relativt avgrensa i Noreg. Populismen ser ut til å vere avhengig av ein politisk kultur der veljarane har haldningar som gjer det mogleg for populistiske rørsler og leiarar å få støtte.²²

¹⁵ Laclau 2005: x

¹⁶ Mouffe 2018: 10, 11

¹⁷ Mouffe 2018: 5

¹⁸ Jupskås 2019: 15

¹⁹ Jupskås 2019: 15,16

²⁰ Jupskås 2019: 17

²¹ Jupskås 2019: 12

²² Jupskås 2019: 13

At populismen alltid må sjåast i den konteksten den oppstår i, gjer det nødvendig å sjå både på tilbods- og etterspørselssida. Det er spesielt sistnemte som gjerne blir værande i skyggen i forskinga på populismen, sjølv om det ser ut til at stadig fleire også set lupen på dei populistiske veljarane i Noreg. Aalberg, Maurer og Karlsen har for eksempel gjort eit forsøk på å identifisere populistiske haldningar i den norske befolkninga. Dei tek utgangspunkt i Mudde og Kaltwasser sin definisjon av populisme. Av dette kan ein sjå populismen som ein motsats til elitisme på den eine sida, og pluralisme på den andre sida. Dette gjer det mogleg å konstruere ein skala av høvesvis anti-elite populisme og ekskluderande populisme. Fråværet av både ekskludering og anti-elite er ein tom populisme, medan tilstadeværelsen av begge er ein komplett populisme.²³ I datasetta dei brukar kodar dei relevante spørsmål og påstandar om til indikatorar på dei nemte kategoriane av populisme, og er i stand til måle korleis populistiske haldningar fordeler seg i befolkninga.²⁴

Aalberg et.al. 2019 finn at populistiske haldningar er å finne i omkring halvparten av befolkninga. Vidare finn dei at komplette populister er overrepresentert hos spesielt Frp, men også hos Senterpartiet. Samstundes finn dei at Rødt og SV sine veljarar er overrepresentert i den anti-elitistiske populismen, der også MDG og SP har ei tydelig overvekt. Ellers finn dei at Høgre er overrepresentert ved den ekskluderande populismen.²⁵ Ein svakheit med dette studiet er at terskelen for å bli klassifisert som populist er lav, og at betre mål på populisme ville krevja fleire og vanskeligare spørsmål.²⁶

Det er svært vanleg at den populistiske etterspørselssida blir skildra med karakteristiske kjensler som frykt og sinne. For å forklare oppslutning om Trump, brexit og populisme på ytre høgre, har det vore vanleg å peike på «taparane av globaliseringa» og deira tilbøyelighet til å stemme utifrå frykt og sinne, heller enn rasjonalitet.²⁷ Vidare blir populistisk oppslutning forklart med omgrep som «økonomisk angst» og «kulturell forakt», og gjerne tilskriven «sinte kvite menn».²⁸ Det er altså vanlig å forstå populistiske haldningar som karakterisert av kjensler, og då spesielt negative kjensler. På den andre sida bør det nemnast at det også er ei rekke studiar som framhevar økonomiske faktorar som viktige for populistisk mobilisering. For eksempel argumenterer Thiemo Fetzer for at reduksjonen i

²³ Aalberg, Maurer & Karlsen 2019: 104, 105

²⁴ Aalberg, Maurer & Karlsen 2019: 109, 110

²⁵ Aalberg, Maurer & Karlsen 2019: 113, 114

²⁶ Aalberg, Maurer & Karlsen 2019: 127

²⁷ Rico, Guinjoan & Anduiza 2017: 444

²⁸ Rico, Guinjoan & Anduiza 2017: 444

velferdsordningar på grunn av globalisering er viktig for å forklare brexit-avstemminga i 2016.²⁹

Rico, Guinjoan og Anduiza påpeikar derimot at linken mellom populistiske haldningar og kjensler gjerne blir tatt for gitt. I ein studie av spanjolar sin respons på den store finanskrisa, forsøka dei å finne systematisk empirisk grunnlag for linken mellom kjensler og populisme.³⁰ Her viser dei til at kjensler har ein effekt på korleis individ tolkar, vurderer, og reagerer på informasjon, hendingar og situasjonar.³¹ Her påpeikar dei vidare at det er eit problem at sinne og frykt smeltar saman til eit konsept om «negative kjensler», då sinne og frykt ser ut til å fungere på svært ulike måtar. Sinne er gjerne kopla til oppfatninga om at noko er frustrerande, urettferdig, påført utanfrå, og likevel uunngåelig. Frykt er derimot kopla meir mot oppfatningar om usikkerhet og manglande kontroll.³²

I sin studie finn dei støtte for hypotesen sin om at det først og fremst er sinne som driv populismen.³³ Ei innvending mot dette funnet er at dei først og fremst ser på ein økonomisk frustrasjon som enkelt kan koplast mot ein anti-elite-populisme. Kva så med den ekskluderande populismen der ein ofte oppfattar sin nasjonale kultur trua av globaliseringa? Dette trusselbiletet peikar meir mot manglande kontroll og usikkerhet, noko som igjen tilsei at frykt er den dominerande kjensla. Det kan rett nok vere at sinne er meir mobiliserande sjølv om frykt er meir dominerande hos eit individ. Medan frykt gjerne gjer oss forsiktige og motiverer oss til å kartlegge situasjonen, mobiliserer sinne til aktiv handling.³⁴ Dette er uansett eit interessant spørsmål som fortsatt i stor grad fortsatt ser ut til å vere upløgd mark på forskingsfeltet.

I Noreg er det, så vidt eg er klar over, ingen forsking på sambandet mellom kjensler og populistiske haldningar. Aardal og Syrstad har derimot sett på korleis kjenslemessige reaksjonar på samfunnsutviklinga påverkar politiske grunnhaldningar og stemmegiving.³⁵ Også dei skil mellom positive og negative kjensler, der dei vidare ser negative kjensler som frykt og sinne kvar for seg. Her brukar dei spørsmål frå valgundersøkelsen i 2017 til å konstruere skalaer på dei tre kjenslene.³⁶ Her finn dei at både alder, kjønn, inntekt og

²⁹ Fetzer 2019: 3849

³⁰ Rico, Guinjoan & Anduiza 2017: 445

³¹ Rico, Guinjoan & Anduiza 2017: 444, 445

³² Rico, Guinjoan & Anduiza 2017: 445

³³ Rico, Guinjoan & Anduiza 2017: 445

³⁴ Aardal & Syrstad 2019:159

³⁵ Aardal & Syrstad 2019: 156

³⁶ Aardal & Syrstad 2019: 164

utdanning heng saman med kva kjensler ein har. Samstundes finn dei at glade veljarar skil seg frå sinte og engstelige veljarar når det kjem til saker som innvandring og sentralisering. Dei finn for eksempel at frykt for samfunnsutviklinga heng saman med oppslutning om Krf.³⁷ Her er det interessant å peike tilbake på korleis Fukuyama ser undertrykte religiøse identitetar som eit eksempel innanfor «the problem of thymos».³⁸ I tillegg finn dei at Frp-veljarar ser på sinne på samfunnsutviklinga, sjølv om ein kontrollerer for innvandringskritikken deira og deira positive syn på regjeringa sin innsats.³⁹ Sjølv om utslaga for kjensler er små, hevdar Aardal & Syrstad å ha funne at kjensler faktisk har noko å sei for politiske haldningar.⁴⁰

Med utgangspunkt i den gjennomgåtte litteraturen, ønskjer eg i dette arbeide å undersøke ein mogleg link mellom populistiske haldningar og kjensler blant den norske befolkninga. Med den vide forståelsen av populisme-fenomenet som vart teikna opp i dei første avsnitta her, kan ein argumentere for at populismen bør forskast på også i kontekster med berre moderat populisme. Linken mellom kjensler og populistiske haldningar står som eit vakuum i populismeforskinga. Dette til tross for at populismens mobiliseringsevne i stor grad blir forstått på grunnlag av veljarane sine kjenslemessige tilbøyeligheter.

2. Metode

Målet med denne analysen er å undersøke samanhengar mellom populistiske haldningar og kjensler hos norske veljarar i samband med stortingsvalet i 2017. Før eg skissera metoden er det nødvendig å gjere nokre betraktnigar i høve av arbeidets validitet. For det første er ikkje dette eit arbeid som tek sikte på å utarbeide konkrete og kausale konklusjonar. For å gjere dette burde ein ideelt sett følgt respondentar over tid. I dette arbeidet ønskjer eg først og fremst å kartlegge korleis kjensler henger saman med ulike former for populistiske haldningar i Noreg.

Som nemnt i førige del er det viktig å sjå populismen i den konteksten den opptrer i. Difor vil evna til generalisering, den eksterne validiteten, til ei viss grad vere avgrensa til Noreg og stortingsvalet i 2017.⁴¹ Noreg har for eksempel ei overflod av positive veljarar, og

³⁷ Aardal & Syrstad 2019: 174

³⁸ Ibid.

³⁹ Aardal & Syrstad 2019: 174

⁴⁰ Aardal & Syrstad 2019: 174

⁴¹ Skog 2017: 88

populismen i Noreg er som sagt antatt å vere svært moderat.⁴² Difor kan ein ikkje utan vidare forvente å finne dei same mönstra i andre land. Den eksterne validiteten vil vere sterkare i land som liknar på Noreg, og dette arbeidet tek slik sett sikte på å bidra til ei internasjonal forståing av populisme og populistiske haldningar. Eg vil og til ei viss grad måtte ta med i betrakting at stortingsvalet i 2017 var prega av spørsmål om kommunestruktur og spørsmålet om folkeavstemmingar i høve av desse endringane.⁴³ Dette skapte eit spesielt debattklima der spesielt periferi- eller distriktpopulismen sannsynligvis vil mobilisere.

Den største utfordringa i dette arbeidet handlar om omgrepssvaliditet. Nærmore bestemt om eg faktisk måler det eg ønsker å måle.⁴⁴ For eksempel er det utfordrande å gjere gode mål på kjensler. Ein må her lene seg på respondentane si sjølvrapportering, noko som kan vere både unøyaktig og vanskelig å vurdere komparativt. Kvalitative metodar er i det tilfelle mykje betre egna til å fange opp kjensler. Datasettet gir derimot gode og konkrete mål på kjensler til ei spørjeundersøking å vere. For å undersøke populistiske haldningar må eg i stor grad gjere eigne vurderingar av påstandar og spørsmål i datamaterialet, og finne eigne indikatorar på desse haldningane. I datasettet vil sjølv dei mest relevante spørsmåla og påstandane tidvis vike eit stykke frå det ein ideelt sett burde hatt for å måle populistiske haldningar. Eg har derimot ei nokså omfattande drøfting av desse variablane underveis, og det ser ut til at målingane mine i stor grad stemmer overeins med forventningane mine. Likevel må det knytast ein betydelig skepsis mot omgrepssvaliditeten min, og om eg i det heile tatt måler populistiske haldningar eller meir generelle haldningar. Dette gjer det nødvendig å redusere målet vårt av populistiske haldningar til å først og fremst vise ‘tendensar’ til populistiske haldningar. Det er derimot mogleg at dette arbeidet kan vere ein konstruktiv inngang til framtidige studiar med betre egna datasett.

Eg lagar indeksar både av kjenslevariablene og haldningsvariabelen. I det høve er det nødvendig å gjere betraktingar i forhold til om desse indeksane består av variablar som måler det same. For å kontrollere dette nyttar eg statistiske testar som korrelasjonsanalyse (der eg ønskjer korrelasjonsverdiar på i snitt 0.7⁴⁵), prinsipal komponent analyse⁴⁶ og reliabilitetsanalyse⁴⁷. Sett vekk ifrå avgrensingane i datasettet, har eg derfor ein relativt god omgrepssvaliditet.

⁴² Ibid.

⁴³ Aalberg, Maurer og Karlsen 2019: 127

⁴⁴ Skog 2017: 89

⁴⁵ Mehmetoglu & Jakobsen 2017: 39

⁴⁶ Mehmetoglu & Jakobsen 2017: 276

⁴⁷ Skog 2017: 97, 98

2.1 Data

Data som er nytta her er henta frå «Valgundersøkelsen 2017». Data er innsamla av Statistisk sentralbyrå. Data er tilrettelagt og stilt til disposisjon i anonymisert form av NSD – Norsk senter for forskningsdata AS. Verken Statistisk sentralbyrå, eller NSD er ansvarlig for analysen av dataene eller de tolkninger som er gjort her.⁴⁸

Undersøkinga vart gjort i samband med stortingsvalet i 2017. I denne undersøkinga vart det trekt eit utval på 3200 personar, der nettoutvalet vart 1966 personar. Utvalet vart trekt blant norske statsborgarar i alderen 18-79 år frå Folkeregisteret i slutten av august 2017. Undersøkinga tok sikte på å beskrive valdeltaking, politisk orientering, samt haldningar til politiske spørsmål blant den norske befolkninga.⁴⁹

2.2 Variablar

I denne delen skal eg gå gjennom dei viktigaste vurderingane eg gjer når eg kodar variablane eg nyttar i analysen.

2.2.1 Populistiske haldningar

For denne analysen vil eg konstruere ein avhengig variabel basert på påstandar og spørsmål der ein kan finne tendensar til populistiske haldningar. Datasettet eg har valt er godt egna til vise haldningar knytt opp mot stortingsvalet i 2017, men er dessverre ikkje like godt egna til å reflektere populistiske haldningar. Eg har gjort eit utval av variablar som kan tenkast å reflektere i det minste tendensar til ulike former for populisme, men desse variablane er langt ifrå einstydande med populistiske haldningar. Dei spørsmåla eg har valt ut, brukar eg til å lage indeksvariablar på høvesvis distrikt-, anti-elite-, og ekskluderande populisme. Med desse tre variablane kan eg lage ein kategorisk avhengig variabel med gjensidig utelukkande kategoriar. På grunn av den usikre evna til å representera populistiske holdningar med dette datasettet, har eg valt å lage tre avhengige variablar som eg kan vurdere opp mot kvarandre før eg gjer eit endelig val for analysen vår. Dei aktuelle spørsmåla eg har testa er attgjeve i tabellen under.

⁴⁸ Statistisk Sentralbyrå 2019

⁴⁹ Statistisk Sentralbyrå 2019

Distrikt: Eit legitimt ‘folk’ vs. ein illegitim ‘sentrumselite’

- D1)** Kommunar bør kunne slås saman med tvang (*heilt einig, nokså einig, både og, nokså ueinig, heilt ueinig*)
D2) Politikarane og byråkratane i Oslo forstår lite av det som skjer i distrikts-Noreg (*heilt einig, nokså einig, både og, nokså ueinig, heilt ueinig*)

Anti-elite: Eit legitimt ‘folk’ vs. ein illegitim ‘elite’

- A1)** Om politikarane sløsar bort pengane vi betaler i skatt (*en stor del/noe/svært lite*)
A2) Om politikarane har kunnskap om de sakene de behandlar (*mange har lite kjennskap, dei fleste veit kva dei føretek seg*)
A3) Er politikarane truverdige? (*dei fleste, stort sett, få av dei*)

Ekskluderande: Eit legitimt ‘folk’ vs. illegitime minoritetar

- E1)** Flyktingar og innvandralar bør ha same rett til sosialhjelp som nordmenn, sjølv om dei ikkje er norske statsborgarar (*heilt einig, nokså einig, både og, nokså ueinig, heilt ueinig*)
E2) Vesteuropeiske og muslimske måtar å leve på er uforenlige (*heilt einig, nokså einig, både og, nokså ueinig, heilt ueinig*)
E3) Innvandralar er i hovudsak bra for norsk økonomi (*heilt einig, nokså einig, både og, nokså ueinig, heilt ueinig*)
E4) Det vi trenger mest her i landet, meir enn lover og programmer, er nokre få usjølviske og myndige leiarar som folket trygt kan følge. (*heilt einig, nokså einig, både og, nokså ueinig, heilt ueinig*)
E5) Innvandring utgjer ein alvorlig trussel mot vår nasjonale eigenart. (*heilt einig, nokså einig, både og, nokså ueinig, heilt ueinig*)

Figure 1: Spørsmål og påstander som viser tendensen til populistiske haldningar.⁵⁰ Dei viktigaste svaralternativa i parantes, med understrek på alternativ eg reknar som ‘populistiske tendenser’.

Ein kan ikkje utan vidare knytte alle desse spørsmåla opp mot populistiske haldningar. Ein føresetnad for at noko skal vere populistisk er at ein ser samfunnet som delt mellom antagonistiske grupper. Det må altså eksistere ei oppfatning om ‘folket’ på den eine sida, og ei antagonistisk, illegitim gruppe på den andre sida. Desse spørsmåla fangar ikkje nødvendigvis opp dette, men eg har valt spørsmål som kan tenkast å i det minste vise tendensen til slike haldningar. Det er spesielt knytt skepsis mot spørsmål A1-A3, men det er dei beste alternativa eg fann for ein anti-elite-populisme, slik eg forventar å finne hos Raudt og SV sine veljarar.⁵¹ I tillegg må det tilskrivast ein viss skepsis mot skilje mellom distrikt- og anti-elite-populisme. Det er nærliggande å tru at begge desse kan minne om anti-elite-populisme til ei viss grad.

Det første eg gjer er å kode alle spørsmåla om til dikotome variablar der dei understreka alternativa i parentesane utgjer verdien 1, medan dei andre svara som er oppgitt i parentesen utgjer verdien 0. Vidare er andre alternativ som «veit ikkje» og «vil ikkje svare» koda om til «manglande svar». Deretter konstruerer eg dei tre avhengige variablane eg ønsker

⁵⁰ Statistisk Sentralbyrå 2019

⁵¹ Jupskås 2019: 16,17; Aalberg, Maurer og Karlsen 2019: 113,114.

å vurdere. I alle variablane har eg ein tom populisme dersom ein ikkje scorar tilstrekkelig på nokon av populismane, og ein komplett populisme dersom ein scorar tilstrekkelig på fleire av populismane ilag. Mellom desse ytterpunktene har eg dei respektive kategoriane distrikt-, anti-elite-, og ekskluderande populismar. Eg kjørte og ei faktoranalyse på alle dei involverte spørsmåla, og fann indikatorar på at dei måler 3 ulike ting.⁵²

I det første alternativet måler eg berre anti-elite(A) og ekskluderande(E), då desse er antatt å vere dei hyppigaste formene for populismar. Eg unngår altså spørsmåla relatert til distriktpopulisme (D). Det er desse formene for populisme Aalberg et.al. arbeider med i si fordeling.⁵³ Dersom ein er populistisk på 2 eller fleire av A-spørsmåla er ein anti-elite-populistisk, medan 4 eller fleire av E-spørsmåla tilsvara ekskluderande populisme. Om ein er både A- og E-populistisk, blir ein kategorisert som ein komplett populist. I det andre alternativet gjer eg det same, men tek vekk spørsmål E3 og E4. Her blir altså kravet til E-populisme 2 eller fleire populistiske svar på E-spørsmåla.

I det siste alternativet gjer eg det same som i alternativ 2, men eg inkluderer D-populismen. For å score på D-populismen har eg derimot satt kravet litt strengare, då ein må svare populistisk på begge D-spørsmåla. Dette gjer eg både fordi spørsmåla er relativt overlappende etter mi mening, og at eg har berre to spørsmål. For å bli kategorisert som komplett populist i alternativ 3 må ein vere enten D- eller A-populistisk, i kombinasjon med E-populistisk. Dersom ein berre er ein kombinasjon av D- og A-populistisk, men ikkje E-populistisk, vil ein bli kategorisert som A-populistisk. Grunnen til det siste er at eg oppfattar A-populismen som ein meir beskrivande kategori i populismen generelt, enn det av den ‘smalare’ D-populismen.

2.2.2 Kjensler og kontrollvariabler

Som hovuduavhengig variabel ønsker eg å konstruere tre variablar basert på spørsmål om respondentane sine personlige kjensler. Her blir respondenten spurt om kor sterkt ein føler ei gitt kjensle når ein tenker på den generelle samfunnsutviklinga. Dei gitte kjenslene er først håp, stolthet og glede, som eg bruker som indikator på *glad*. Deretter kjenslene sinne og avsky, som blir indikator på *sint*. Og til slutt kjenslene frykt, nervøsitet og forferdelse, som eg

⁵² *Pcf-analyse* indikerer at tre faktorer har *eigenvalue* over 1. Med varimax-rotasjon kan ein tydeligere sjå at desse tre faktorene lader sterkare på kvar sine variablar. Med eit scree-plot ser eg vidare at kurven flater ut etter den tredje faktoren. Faktoranalysa er derimot avhengig av god teoretisk begrunnelse for at eg godtar indikatorene på 3 faktorer.

⁵³ Aalberg, Maurer & Karlsen 2019: 112

forstår som *engstelig*. For kvar kjensle får respondentane alternativa «svært sterkt», «nokså sterkt», «verken/eller», «nokså svakt», «svært svakt». I tillegg har ein dei respondentane som ikkje vil svare, eller svarer «vet ikke». Dei sistnemnte kodar eg om til «manglende svar» før eg konstruerer indeksvariablane. Eg sit igjen med tre uavhengige skalavariablar som indikerer om respondenten er *glad*, *sint* og *engstelig*, og alle er koda i positiv retning der høg verdi indikerer at ein er høvesvis veldig glad, sint eller engstelig.


Vidare har eg valt ut nokre relevante kontrollvariablar som det er nærliggande å tru at vil påverke forholdet mellom kjensler og populistiske haldningars. For det første kontrollerer eg for *kjønn*. Denne variabelen er dikotom og dummykoda med mann som referansekategori. Vidare kontrollerer eg for *alder*. Her varierer respondentene mellom 18 og 79 år. Deretter kontrollerer eg for *utdanning*, der eg brukar SSBs inndeling i grunnskule, vidaregåande og universitet eller høgskule. *Politisk interesse* blir og kontrollert for, og her snur eg retninga på variabelen i datasettet slik at en høg score betyr høg politisk interesse. Alternativa rangerer då frå «ikkje interessert i det heile tatt» til «svært politisk interessert», med to mellomliggende verdiar.

3. Analyse

I denne delen av oppgåva gjer eg først ei vurdering av den avhengige variabelen. Dette lar meg velje eit av alternativa for den multinomiale logistiske regresjonen. Etter denne drøftinga gjer eg sjølv regresjonsanalysa der eg først drøftar resultata på logitskalaen, før eg tek for meg ei litt meir intuitiv tolking på sannsynskalaen.

3.1 Måling av populistiske haldningar

Det første eg vil gjer er å drøfte dei avhengige variablane mine gjennom ei deskriptiv samanlikning. Både alternativ 2 og 3 gir jamne fordelingar (sjå figur 2) mellom dei populistiske haldningane, noko liknande det Aalberg et.al. gjer i sitt arbeid. I alternativ 1 blir komplett populisme veldig låg i forhold til dei andre populismane, noko som verkar lite sannsynlig. Aukinga i E og K i alternativ 2 skuldast at eg tek vekk to av variablane som måler ekskluderande populisme og krevja minst 2 av 3 populistiske svar, heller enn minst 4 av 5. I den tredje modellen har eg inkludert distriktspopulisme, noko som gjer komplett populisme større enn ekskluderande og anti-elite. Dette stemmer godt med det Aardal et.al. finn i sitt arbeid. Dette taler for at alternativ 3 ser mest truverdig ut i høve fordelinga i befolkninga.




Figur 2: Befolkningsfordeling på ulike populistiske holdninger etter høvesvis alternativ 1, 2 og 3.

Eg kan vidare vurdere populismane opp mot dei ulike partia, og gjere ei vurdering basert på antakelsen om at FrP er prega av ekskluderande og komplett populisme, SP av distriktpopulisme, og R og SV av anti-elite-populisme. Samstundes forventar eg at ‘etablerte’ parti som H og AP skal ha betydelig lågare utslag på populistiske holdningar. I figur 3 ser ein korleis dei populistiske haldningane fordeler seg i dei ulike partia når eg brukar dei ulike variablane for populistiske haldningar.

Figuren viser at FrP har høg ekskluderande og komplett populisme i alle alternativa. Dette er i stor grad i tråd med forventningane. Det som derimot er noko overraskande er at H har relativt høg ekskluderande populisme. I alternativ 3 har dei også relativt høg komplett populisme. Dette er noko overraskande då H blir oppfatta som eit ‘etablert’ parti. Det heng nok saman med at målet på ekskluderande populisme er nært knytt til ein generell innvandringskritikk. Også Ap og KrF viser overraskande høg grad av komplett populisme i det tredje alternativet. Likevel er alle dei ‘etablerte’ partia tydelig mindre populistiske enn FrP og SP, som er antatt å vere mest populistisk. Både R og SV viser tydelig at dei er meir anti-

elite populistiske (og distriktpopulistiske i tredje alternativet), enn ekskluderande og komplett populistiske. Dette er i tråd med forventningane. Likevel er ikkje skilnaden mellom desse partia og ‘etablerte’ parti like tydelig som for FrP og SP. Dette kan og henge saman med at måla på distrikts og anti-elite populisme er antatt å vere dårligare enn måla på den ekskluderande populismen.

Alternativ 3 gir ei meir truverdig framstilling, spesielt med tanke på eit skilje mellom antatt populistiske og etablerte parti. Skilnaden er fortsatt ikkje overveldande her, noko som er i tråd med forventningane våre om ein moderat populisme i Noreg. I tillegg gir alternativ 3 den mest truverdige framstillinga av populismen i SP. Dette partiet går forøvrig gjennom store endringar i alle tre alternativa, og dette bidrar til at vi festar størst lit til alternativ 3



Figur 3 Populistiske holdningar i ulike parti ved alternativ 1, 2 og 3 . På y-aksen: prosentvis fordeling av populistiske holdningar i kvart parti.

3.2 Samanhengen mellom kjensler og populistiske haldningar

Vidare kan ein sjå kva kjensler veljarane med dei ulike populistiske haldningane har. Ein ser her at befolkninga jamnt over er meir glad enn sint og engstelig. Kjenslene ser derimot ut til å avvike mest ved anti-elite-populistiske haldningar. Desse ser ut til å vere litt mindre glad, og litt meir sint og engstelig. Ellers kan ein sjå at denne gruppa også er den einaste gruppa der veljarane er marginalt meir sinte enn engstelige. Elles ser ein ei svak auke i sinne frå tom, distrikt, ekskluderande og komplett, i den rekkefølgen. Med unntak av antielite, er både sinne og engstelse størst hos veljarar med komplett populisme. Ein kan vidare sjå korleis dette ser ut for dei antatt populistisk partia mot høvesvis dei ‘etablerte’. Også her er det marginale skiljer, men det kan sjå ut som SV, R og FrP er marginalt sintare og meir engstelige enn resten av veljarane. Sinne er høgare enn engstelse hos SV og FrP, medan det er omvendt hos R.

Ei interessant tolking av desse funna er at H og FrP begge er antatt å vere innvandringskritiske, og derfor vil score på ekskluderande populisme. Dette kan forklare at begge partia er prega av engstelse. Hos høgre er derimot sinne markant lågare enn frykt, medan det er relativt jamnt fordelt hos FrP. Dette kan peike mot den tidligare forskinga som tilseier at sinne er den ‘mobiliserande’ faktoren i populismen.⁵⁴ Kanskje er det sinne som skil FrP-veljarane frå høgre-veljarane?

Uansett er det marginale funn i denne deskriptive framstillinga. Eg går dermed vidare til ei multinomial regresjonsanalyse der eg kan kontrollere for bakenforliggende faktorar som kjønn, alder, utdanning og politisk interesse. Her skal eg igjen kort vurdere alle tre alternative måla på populistiske haldningar, men hovudanalysa gjer eg på bakgrunn av det tredje alternativet.




Figure 4. Kjensler og partival (t.v.) og kjensler og populistiske haldningar (t.h.).

⁵⁴ Ibid.

3.2.1 Multinomial regresjon

Sida eg har ein avhengig variabel med fleire gjensidig utelukkande kategoriar er multinomial regresjon ei passande metode. Her kan eg analysere samanhengen mellom kjensler og bakenforliggende faktorar mot kvar enkelt form for populisme. Eg utførte regresjonen med alle tre alternativa på populistiske haldningars, men eg fokuserer tolkinga på det tredje alternativet. Regresjonen med det tredje målet på populistiske haldningars er attgjeve i figur 5.

Innledningsvis kan eg påpeike at alle alternativa har same antal enheter, 1771. Vidare kan eg påpeike at Pseudo R² er 0.059 i alternativ 3, medan den er 0.079 og 0.078 i høvesvis alternativ 1 og 2. Dette målet er ein logistisk versjon av R²-målet frå lineær regresjon som angir kor stor del av den avhengige variabelen som ‘blir forklart’ av modellen. Det er derimot knytta ein viss usikkerhet mot denne logisitske versjonen av R², så eg lar ikkje dette hindre meg frå å fokusere på alternativ 3.⁵⁵ Dette baserer seg i stor grad på at det er dette alternativet som har best validitet og teoretisk fundament.

Frå koeffisientane i ein logistisk regresjon kan ikkje direkte tolke styrken på samanhengane, men det er fortsatt mogleg å identifisere signifikante samanhengar og kva retning samanhengane har.⁵⁶ Her bruker eg eit signifikansnivå på 5% som grense på kva eg ønsker å rekne som signifikante «funn». I regresjonen er alle kategoriane av populisme relative i forhold til referansekategoriien «tom populisme». Når det gjeld kontrollvariablane ser alder ut til å ha ein positiv samanheng med alle kategoriane utanom anti-elite. Dette viser at dei eldre ser ut til å vere meir populistisk enn yngre veljarar. Det same funnet gjer eg i dei to andre alternativa. Kjønnsvariabelen ser ut til å vere positiv for distriktpopulisme, men negativ for ekskluderande og komplett. Også dette ser ut til å vere likt i dei to andre alternativa.

Politisk interesse ser ut til å ha ein negativ samanheng med populistiske haldningars, men dette er kun signifikant for ekskluderande og komplett populisme. Det same funnet gjer eg i alternativ 2, medan alternativ 1 har politisk interesse som signifikant berre under anti-elite-populisme. Dette heng sannsynligvis saman med dei strenge krava eg har til ekskluderande populisme i alternativ 1. Den mest interessante kontrollvariabalen ser ut til å vere utdanning. I alle alternativa er utdanning signifikant og med ein negativ samanheng på alle kategoriane. Dette tyder på at dei med høg utdanning har mindre populistiske haldningars enn dei med låg utdanning.

⁵⁵ Mehmetoglu & Jakobsen 2017: 167

⁵⁶ Mehmetoglu & Jakobsen 2017: 170


Multinomial logistic regression

Populistiske holdninger	Coef.	St.Err.	t-value	p-value	[95% Conf	Interval]	Sig
DISTRIKTSPOPULISME							
Glad	-0.192	0.097	-1.97	0.048	-0.382	-0.001	**
Sint	0.016	0.100	0.17	0.869	-0.179	0.212	
Engstelig	0.118	0.105	1.12	0.261	-0.088	0.323	
Alder	0.009	0.004	2.11	0.035	0.001	0.018	**
Kjønn	0.334	0.140	2.38	0.018	0.058	0.609	**
Utdanning	-0.307	0.097	-3.17	0.002	-0.497	-0.117	***
Politisk interesse	-0.103	0.107	-0.96	0.337	-0.313	0.107	
Constant	0.191	0.604	0.32	0.751	-0.992	1.374	
ANTI-ELITE POPULISME							
Glad	-0.515	0.110	-4.70	0.000	-0.730	-0.300	***
Sint	0.501	0.112	4.46	0.000	0.281	0.720	***
Engstelig	0.054	0.121	0.45	0.655	-0.183	0.291	
Alder	0.005	0.005	0.97	0.332	-0.005	0.015	
Kjønn	-0.085	0.165	-0.51	0.608	-0.408	0.239	
Utdanning	-0.376	0.112	-3.36	0.001	-0.595	-0.156	***
Politisk interesse	-0.211	0.124	-1.70	0.088	-0.453	0.032	*
Constant	0.778	0.680	1.15	0.252	-0.554	2.111	
EKSKLUDERANDE POPULISME							
Glad	-0.067	0.113	-0.59	0.555	-0.288	0.155	
Sint	-0.026	0.117	-0.23	0.822	-0.255	0.203	
Engstelig	0.315	0.122	2.59	0.010	0.077	0.554	**
Alder	0.023	0.005	4.56	0.000	0.013	0.033	***
Kjønn	-0.713	0.167	-4.27	0.000	-1.040	-0.386	***
Utdanning	-0.538	0.108	-4.99	0.000	-0.749	-0.327	***
Politisk interesse	-0.486	0.122	-3.98	0.000	-0.725	-0.247	***
Constant	0.353	0.683	0.52	0.605	-0.985	1.691	
KOMPLETT POPULISME							
Glad	-0.223	0.098	-2.27	0.023	-0.416	-0.030	**
Sint	0.277	0.100	2.76	0.006	0.081	0.474	***
Engstelig	0.276	0.107	2.59	0.010	0.067	0.485	**
Alder	0.028	0.004	6.18	0.000	0.019	0.037	***
Kjønn	-0.513	0.145	-3.54	0.000	-0.797	-0.229	***
Utdanning	-0.701	0.095	-7.35	0.000	-0.887	-0.514	***
Politisk interesse	-0.306	0.108	-2.82	0.005	-0.518	-0.093	***
Constant	0.294	0.604	0.49	0.626	-0.890	1.478	
Pseudo r-squared		0.059	Number of obs			1771.000	
Chi-square		320.316	Prob > chi2			0.000	

*** $p<0.01$, ** $p<0.05$, * $p<0.1$

Figur 5: Multinomial regresjon med det tredje alternativet til populistiske holdninger.

For dei hovuduavhengige variabalen mine er det fleire interessante funn som i stor grad passar til den deskriptive fordelinga vi såg ovanfor. I alle alternativa der kjensler blir signifikante, for alternativ 1-3, er det ein gjenganger at glad har ein negativ samanheng, medan sint og engstelig har positive samanhengar. Populismen kan slik sett knytast opp mot negative kjensler. Det ser og ut til å vere ein gjenganger i samtlige alternativ at sint blir signifikant for anti-elites, engstelig for ekskluderande, og både sint og engstelig for komplett populisme. Vidare finn eg at glad er signifikant for anti-elites og komplett populisme i alle alternativa, men også for distriktpopulisme i alternativ 3. Ein multinomial regresjon gir altså mange av dei same funna med alle dei alternative måla mine på avhengig variabel. Dette er kanskje ikkje så veldig overraskande, sida alternativa tross alt ikkje er vidt forskjellige. Vidare i analysen vil eg kun fokusere på alternativ 3. Korleis kjensler ser ut til å påverke populistiske haldningar er attgjeve under.




Figur 6. Innverknaden av kjenslene sint, engstelig og glad på ulike populistiske haldningar.

I logistisk regresjon må ein rekne om koeffisientane på logitskalaen til oddsrater. Vidare er det viktig å hugse at ein alltid får oppgitt rater opp mot ein referansekategori. I motsetning til i lineær regresjon er det altså ikkje snakk om absolutte forhold, men relative forhold. Ein kan derimot rekne ut relative sannsyn for å havne i ein kategori, såkalla marginale effekter.⁵⁷ Her finn eg for eksempel at for kvart trinns auke på *sint*-variabelen aukar sannsynet for å ha haldningar tilsvarende komplett populisme med 3.1%, medan talet er 2.9% for engstelig. I det høve er alle andre variablar sett til gjennomsnittet.

Vi kan rekne ut sannsynet for å havne i kategorien «Komplett populisme» dersom ein er kvinne og scorer verdien 1 eller 4 på *sint*-variabelen. Det vilkårlige valget om å ta 4, i staden for maksverdien 5, handlar om at befolkninga i Noreg generelt sett ikkje er veldig sinte. Svaret er høvesvis 13% og 21% sjanse for å vere ein komplett populist. Om ein gjer same utrekninga for menn finn ein at talet er 19% og 29%. Altså ser sinne ut til å spele ei større rolle for menn enn for kvinner, i det minste når det gjeld sannsynet for å vere ein komplett populist. Sannsynet for å vere ein anti-elite-populist når ein scorer verdien 4, er høvesvis 21% og 23% for høvesvis menn og kvinner. Om eg gjer den same utrekninga berre for ekskluderande populisme, samt kjensla engstelig, finn eg at sannsynet er høvesvis 21% og 13% for menn og kvinner. Det ser altså ut til at kjønn spelar ulik rolle for kjensla engstelig og *sint*, og for anti-elite og ekskluderande populisme. Her må eg derimot minne om at kjønnsvariabelen er ikkje-signifikant for anti-elite, og ein må derfor knytte ein viss skepsis til nokre av desse utrekningane.

Under har eg plotta korleis alder ser ut til å påverke dei populistiske haldningane. Ung alder aukar sannsynet for tom populisme. Vidare finn ser ein at alder ser ut til å påverke anti-elite og ekskluderande/komplette populisme på motsatt måte, men at effekten og ser ut til å vere større for den ekskluderande og komplette populismen.



Figur 7. Innverknaden av alder på ulike populistiske haldningar.

⁵⁷ Mehmetoglu & Jakobsen 2017: 182, 183

Ved å rekne ut sannsynet for dei ulike populismane ved høvesvis grunnskule, vidaregåande og høgare utdanning, finn eg at distrikts- og anti-elite-populismen ikkje er spesielt prega av utdanningsvariabelen. Her er sannsynet nokså likt for alle utdanningsnivåa. For ekskluderande populisme er det derimot litt høgare sannsyn ved grunnskule-nivå(16% enn ved høgare nivå(11%). Det største funnet er derimot på den komplette populismen der utdanning ved grunnskule gir sannsyn på 29%, medan høgare utdanning gir 15%. Dersom eg gjer dei same utrekningane med politisk interesse, der eg estimerer for ytterpunktene av variabelen, finn eg at det er spesielt for ekskluderande og komplett at betydninga er stor. For låg politisk interesse er sannsynet høvesvis 21% og 24%, medan det er 9% og 17% ved høg politisk interesse. Politisk interesse reduserer altså sannsynet for at ein har populistiske haldningar av ekskluderande eller komplett type. For distriktpopulismen er derimot effekten motsatt, der låg interesse gir 16%, og høg interesse gir 20%. Her må eg derimot minne om at politisk interesse heller ikkje var signifikant for distriktpopulismen i regresjonen min, så eg må knyte ein viss skepsis mot desse tala.

Konklusjon

I denne teksten har eg forsøkt å kartlegge samanhengen mellom populistiske haldningar og kjensler. Målet mitt har vore å vise at kjensler er sentralt og naturleg for både populisme og demokratiet generelt. Det er fleire problem knytt til dagens forståinga av populisme som noko framandt og mindreverdig i politikken. Oppfatninga om at populistiske haldningar er noko som først og fremst er å finne hos dei irrasjonelle individene som ikkje klarer å leve opp til idealet om den ‘rasjonelle’ borgaren, er basert på ei naiv tru om at kjensler ikkje har ei rolle i politikken. Eg foreslo innledningsvis at for å forså populismens mobiliseringsevne, bør vi heller spørje «kvifor føler du det slik?», heller enn «kvifor føler du?».

Innledningsvis viste eg korleis den omfattande forskinga på populisme i stor grad er basert på generelle teoriar om populisme. I tillegg viste eg korleis forskinga på populisme i Noreg har vore marginal. Dette kan naturligvis forståast ved å peike på at populismen i Noreg er svært moderat. Men med spennvidda til populismen er det derimot ingen grunn til at ein ikkje bør utforske også moderate former for populismar. I tillegg argumenterte eg for korleis linken mellom kjensler og populisme ofte blir teken for gitt. Dette til tross for at kjensler blir holdt fram som ein avgjeraende faktor for populismens mobiliseringsevne.

Ved å kartlegge populistiske haldningar og kjensler i den norske befolkninga i samband med stortingsvalet i 2017, har eg gjort ei rekkje interessante funn som framhevar nettopp forholdet mellom kjensler og populistiske haldningar. Sjølv om omgrepssvaliditeten har viktige avgrensingar, finner eg fleire samanhengar som gir intuitivt mening og som svarer til forventningane mine. Blant anna identifiserer eg FrP og SP som tydelig populistiske parti med ei overvekt av både ekskluderande og komplett populisme.

Hypotesa mi var at sinne og frykt er spesielt viktig for populistiske haldningar, men at dei spelar ulikt inn for ulike populismar. Her finn eg blant anna at sinne slår signifikant ut for den anti-elitistiske populismen, medan engstelig slår signifikant ut for den ekskluderande populismen. Dette stemmer godt overeins med forventninga om at anti-elite-populismen kan koplast mot sosialistiske populistar i Raudt og SV, medan den ekskluderande populismen kan koplast mot ein innvandringskritisk og nasjonalistisk populisme hos FrP. Nærmore bestemt forventa eg at dei to første uttrykker ein frustrasjon over ein ‘elite’, medan den sistnemnte uttrykker frykt for at den nasjonale identiteten skal bli utfordra av minoritetar og innvandrarar.

Vidare fann eg at den komplette populismen var prega av både sinne og frykt. Men at sinne ga marginalt høgare sannsyn for å ha komplett populistiske haldningar, enn det av frykt. Eit interessant funn er at der det antatt populistiske FrP scorer høgt på både ekskluderande og komplett populisme, scorer også det antatt ‘etablerte’ Høgre høgt på ekskluderande populisme. Dette kan antakeligvis forklarast med at Høgre-veljarar deler ein viss innvandringskritikk med FrP. Når det kjem til kjensler har både FrP og Høgre høgare andel frykt enn sinne. For FrP utgjer derimot sinne nesten like stor del som frykt. Kanskje er det nettopp sinne som gjer at FrP er tilbøyelig til å bli komplette populistar heller enn berre ekskluderande slik som Høgre-veljarane viser tendens til?

Ein kausal samanheng kan eg ikkje legge fram med denne analysa, men det peikar mot ei fruktbar problemstilling for vidare forsking. Av dette arbeidet er det likevel tydelig at det eksistera ein korrelasjon mellom kjensler og populistiske haldningar. Og eg finn òg støtte til hypotesa mi om at frykt og sinne spelar ulikt inn i ulike former for populismar.

Litteratur

Aalberg, T., Maurer, P. Karlsen, R.. (2019). Populistiske holdninger i norsk valgkamp. I Johannes Bergh og Bernt Aardal (Red) *Velgere og valgkamp. En studie av stortingsvalget 2017* (s. 103-129). Oslo: Cappelen Damm AS

Aardal, Bernt og Syrstad, Tor Gaute. (2019). Følelser og politikk. I Johannes Bergh og Bernt Aardal (Red) *Velgere og valgkamp. En studie av stortingsvalget 2017* (s. 156-177). Oslo: Cappelen Damm AS

Fetzer, Thiemo. (2019). «Did Austerity Cause Brexit?». I *American Economic Review* (109/11, s 3849-3886). Henta frå: <https://www.aeaweb.org/articles?id=10.1257/aer.20181164>

Fukuyama, Francis. (2018). *Identity. Contemporary Identity Politics and the Struggle for Recognition*. London: Profile Books

Jupskås, Anders Ravik. (2019). Populisme på norsk. I Cas Mudde og Cristóbal Rovira Kaltwasser *Populisme* (s.7-21). Oslo: Dreyers Forlag.

Laclau, Ernesto. (2005). *On Populist Reason*. London: Verso

Mehmetoglu, Mehmet og Jakobsen, Tor Georg. (2017). *Applied Statistics Using Stata. A Guide for the Social Sciences*. London: Sage Publications

Mouffe, Chantal. (2018). *For a Left Populism*. London: Verso

Mudde, Cas og Kaltwasser, Cristóbal Rovira. (2019). *Populisme*. Oslo: Dreyers Forlag.

Müller, Jan-Werner. (2017). *What is Populism?*. Penguin Books.

Rico, G., Guinjoan, M. og Anduiza, E. (2017). The Emotional Underpinnings of Populism: How Anger and Fear Affect Populist Attitudes. I *Swiss Political Science Review* (23/4, s. 444-461). Henta fra:

https://www.researchgate.net/publication/319246682_The_Emotional_Underpinnings_of_Populism_How_Anger_and_Fear_Affect_Populist_Attitudes

Skog, Ole-Jørgen. (2017). Å forklare sosiale fenomener. En regresjonsbasert tilnærming (2.utg). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Statistisk Sentralbyrå. (2019). «Valgundersøkelsen 2017» (2. NSD-utgave). Norsk Senter for forskingsdata AS. Bergen. <https://doi.org/10.18712/NSD-NSD2734-V3>

Østerud, Øyvind. (2017). «Populismen tar over verden». I *Nytt Norsk Tidsskrift* (34/3, s.243-258). Oslo: Universitetsforlaget. Henta fra:

https://www.idunn.no/nnt/2017/03/populismen_tar_over_verden

